



Silje Soldal sikra seg KM-bronse både i klassisk og fri. Gratulerer!

**I helga vart KM i langrenn avvikla, og den aktive skigruppa i UIL var sjølvst representert. Dei stilte med største Kvinnheradstropp både i Røldal lørdag(klassisk) og på Korlevoll søndag(fristil). Det deltok begge dagar 12 løparar frå UIL, og dei gjorde ein flott innsats begge dagar.**

Det var i overkant av 200 deltakarar både i Røldal og på Korlevoll, og trenar og smørjar Pål Haugland kan rapportera om sterkt nivå særleg oppover i klassane. Lørdag stod klassisk stil på programmet, og krinsmeisterskapet var lagt inn i Røldalsrennet.

-Vi i smørje-teamet fekk ei skikkeleg utfordring, for det var skikkelege Sotsji-forhold, og det var vanskeleg å finna den rette smurningen, kan Pål fortelja. Han seier at mange frå både vår og andre klubbar sleit med vanskelege ski.

Likevel gjorde mange uskedelingar ein flott KM-innsats. Resultatmessig gjorde Silje Soldal det best då ho sikra seg bronsemedalje i 12-årsklassen. Veslemøy Haugland vart nr.4 i 15-årsklassen berre om lag 10s frå bronsemedaljen. Likevel spør det om det ikkje var veteranen Oddmund Soldal som stod for den aller beste prestasjonen. Då det er slutt på aldersklassedeling, konkurrerer 47-åringen med dei aller beste, og noko yngre, seniorløparane. I det knallharde selskapet gjekk han eit særdeles sterkt løp over 15 km, og plasserte seg på ein flott 8.plass mellom 30 sterke konkurrentar!



Emma M. Ripel(nr.7 f.v.) gjorde flott innsats begge dagar. Her har ho nett blitt premiert.

Søndag var det klart for fristil, og då hadde løparane forflytta seg til Korlevoll. Silje Soldal slo til og sikra seg KM-bronse også i denne stilarten, medan fleire andre var få sekundar frå medalje. Denne dagen var det flotte forhold og ingen problem for smørjarane.

Leiaren i skiguppa Knut Johannes Ripel melder om at begge renna vart avvikla på ein flott måte, og i tillegg til god Uskedals-innsats gleder dei seg over at Henrik Bauge frå Rosendal vann sin klasse i fristil og vart krinsmeister.

Både Knut Johannes og Pål syns det er viktig å delta i renn utanfor kommunen også.

- Det er bra at dei kjem ut og får målt seg mot andre gode løparar. Det er godt levert ò når dei hamnar midt på treet i slike harde konkurransar, avsluttar trenaren Pål Haugland.

De finn meir om dei lokale deltakarane på [www.uskedalil.no](http://www.uskedalil.no), og fullstendig resultatliste frå begge renna på [www.langrenn.com](http://www.langrenn.com).



Veslemøy Haugland(nr.3 f.h.) var tett på pallen både i fri og klassisk.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel